



Gallerieigar Gøril Guddal ønskjer velkommen og har nett overrekt velkomstgåve til kunstnarane.

Det var svært folksamt då kunstutstillinga til Sigrid Øyrehagen og Tom Gundersen vart opna i Galleri G Guddal i dag. Nok ein gong hadde gallerieigar Gøril Guddal ordna i stand til eit flott arrangement på det usedvanleg vakre gardstunet i Guddal. Veret var også i godlune, og dei frammøtte kosa seg storleg!



[Miann Eylegard og Turid Valvatne serverer gulrotsuppe frå Elins Matgleder til kunstnarparet.](#)

Stemninga var god alt frå dei første kom til tuns. Kafèen var open med god servering. Ute serverte gallerieigaren velsmakande gulrotsuppe med godt brød til. Suppa var Elins Matgleder meister for, og brødet kom frå nyopna Brødskreppa i Omvikdalen. Sistnemnde hadde også salg av ulike typar steinomnsteikte brød. Det var populært. Vi kan trygt seia salget gjekk minst unna som om det var varmt kveitebrød. Sjølve utstillingsopninga føregjekk inne i galleriet. Etter at Gøril hadde ønskt velkommen, gav ho ordet til professor Jørn Øyrehagen Sunde. Han gav dei frammøtte ei framifrå framstilling av bakgrunnen til kunstnartanta, Sigrid Øyrehagen. Han trekte trådane tilbake til oppveksten på Døsland og alle dei fargerike personane der. Spøte-brekken, Heia-Peren, Hartvigs-Torjaren, Ole Døss, Åsto på Døsland, Rinda-Jakopen og fleire. Jørn hadde og noko spesielt! Han hadde ei tante som var kunstnar som sykla rundt på ein combi-damesykkel med korg på, og akvarellfargar og penslar i ei sigareske. Det var det ingen andre som hadde!



Svært interessant å høyra Jørn Øyrehagen Sunde då han opna utstillinga. (Foto: Vibeke Birkeland)

Når Jørn ser bileta til tanta kjenner han ofte att personane frå Døssland. Dei balar alltid på med noko.

- For meg vart Døssland verden, og verden vart Døssland. Tante Sigrid har tatt Døssland ut i verda, gjort Døssland universell, sa han mellom anna.

Han var også inne på utvikling i bileta hennar. I den samanheng nemnde han at han kunne sjå at ho og ektemannen Tom Gundersen hadde påverka kvarandre i utvikling.

Jørn Øyrehagen Sunde er ein meister i formidling, utan tvil i nasjonal toppklasse. Humørfyllt og tydeleg utan manus. Dei som ikkje har høyrt han, har verkeleg gått glipp av noko. Heldigvis er det ein del muligheter her i kommunen m.a. i Baroniet.



[Nokre av dei mange frå Døslandsio som var på utstilling](#)

Kunstnarane sette stor pris på Jørn si vinkling i opningstalen.

- Eg syns det var så flott! Då eg vaks opp var det så stemningsfullt. Vi opplevde den ville natur. Det var nesten skummelt. Døslandsio lever i ting, personane lever i bildo. Der dei ikkje er med, er dei nett farne. Dei handlar om folk i lag med naturen, sa mellom anna Sigrid då eg snakka med ho, etter at nevøen hadde opna utstillinga. Publikum sette pris på både kunsten og opningstalen.

- Ei inspirerende opning der han alminneleggjorde kunsten hennar og beskrev henne som ei spesiell tante i eit miljø med mange fargerike personar, sa ei begeistra Astrid Eikeland som gledde seg over bilda til begge kunstnarane.

Det var mykje vellæta å høyre. Tydeleg at både maleria og monotypi-bileta til Sigrid og metalltrykka til Tom fall i smak. Ho stiller ut 26 bilde medan ektemannen har 19. Salget såg også ut til å gå bra. Utstillinga vert ståande til 28.juni. Når vi får gjester frå andre stader, vil garantert eit besøk i Galleri G Guddal verta populært. Dette flotte gardstunet er eit framifrå turismål.



[Uskedalingar kosar seg på Galleri G Guddal.](#)

Eg har ikkje teke med foto av kunstverka. Det krev betre utstyr. Derimot anbefalar eg alle å ta turen til Galleri G Guddal for å få den gode kunstoplevinga

Til slutt seier eg takk til alle involverte for ein strålande dag. Fantastisk!!

Og til Jørn og Sigrid: Det er så flott å høyra at de held så godt på dialekten etter at de begge flytta frå bygda i ung alder!



Kunstnarar med familie i vakker innramming i Guddal: Tom Gundersen (bak f.v.), Jørn Ø. Sunde og kona Elisabeth Akselvoll, Sigrid Øyrehagen (framme f.v.), Sunniva Sunde og Anna Elisabeth Sunde. (Foto: Stig Tveito)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Vibeke Birkeland, Stig Tveito og Thor Inge Døssland.